

Referat frå styremøte i VH 15.09.2025 på Museet

Møtte frå styret:

Tore Hovda, Tove Grethe Kolstad, Ingebjørg Moe, Tone Meisdalen, Åse Østgård Hagen, Toril Grønbrekk

Fråverande:

Arne Erik Fønhus, Ole Aastad Bråten

Møtte frå redaksjonskomiteen i årboka:

Redaktør Nils Rogn

Sak 23/25 – Orienteringar

Åsgardsreia Teaterlag, som Valdres historielag ga støtte til, hadde framsyning av teaterstykke *Memento Mor di* i august. Teaterstykke var veldig bra og gjekk for full sal i Trykkeriet på Fagernes. Leiar i Valdres historielag Arne Erik ønska velkomen og sa litt om historielaget i starten av skodespelet.

Lokallaga i Valdres hadde invitert medlemmane sine til teaterstykket og omvisning på museet. Meininga var at det også skulle vere servering på museet, i form av til dømes majel, men på grunn av ulike omstende fall dette bort.

Det møtte opp om lag 30 -35 på museet, der skodespelarar og reggisør vart intervjuet.

Mozell vart servert i høge glas, i tillegg fekk gjestane kaffe og makronar.

Historielaget fekk seld bøker for om lag 4000 kroner.

Vestre Slidre har hatt medlemstur til utvandarmuseet i sommar, ca 35 stk deltok. Dei har også hatt dugnad på Olberg og samankomst ved sametuftene på Rennsenn.

Vang har hatt dugnad i Vabakko og medlemstur til Torleif Idstad i Volbu.

Skrautvål historielag har hatt medlemstur til låvemuseet til Aud Kvale, ca. 25 stk deltok.

Sør-Aurdal har også hatt tur til låvemuseet til Aud Kvale. Dei var også innom hjå Jon Lerhol.

Aurdal arrangerer stolpejakt til husmannsplassar (utvandrarløypa)

Etnedal har hatt dugnad på Høljarast og skal arrangere kulturkveld den 2. oktober.

Øystre Slidre har åpen dag og skal kjøre Dale mølle 12. oktober.

Sak 24/25 – Søknad om midlar frå Kirkevollarven

Vi har moteke søknad om økonomisk støtte frå Valdresspelet, som i år sette opp teaterstykke *Dronningemne* som handlar om Gyda som ble oppfostra på Kvien i Vang. Valdresspelet gjennomførte ein vellykka pilot i 2024 og har hatt mykje arbeid med å legge grunnlaget for ei årleg oppsetning, til dømes bygging av skiftehus og mykje frivillig arbeid ellers.

Valdres historielag vedtek å gje Valdresspelet eit eingangstilskot på kroner 40 000.

Sak 25/25 – Orientering om årboka

Nils orienterte: Boka er klar til trykking og skal trykkast i Litauen

30 artiklar har utvandring som tema og 10–12 artiklar har andre tema. Portrettet i år er Elling Fekjær. På framsida er det bilde av Amerikabåten.

Det skal trykkast 900 eksemplar og boka skal etter planen vera ferdig til Rakfiskfestivalen.

Vi vil ha stand på Rakfiskfestivalen. Anne Marit, Ingebjørg, Tone og Tove Grethe har anledning til å bli med å stå på stand. Leiar og nestleiar blir samde om kven som skal ta seg av organisering av standen.

Sak 26/25 – Fastsetting av møteprogram 2026 og dato for årsmøte

02.02.26 Styremøte

23.03.26 Årsmøte

Styremøta er på museet og startar kl. 18:00. Vi bestemmer tidspunkt og opplegg for årsmøte ved ein seinare anledning

Sak 27/25 – Eventuelt

Ingen saker

Etnedal 22.09.25

Ref. Toril